



Vang kommune

ArkivSakID: 18/716

JournalpostID: 18/7278

ArkivID: K2 - L32

Saksbehandlar: Kari-Birgit Lien

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/18	Kommunestyret	14.12.2018

Høyring – forslag til endringar i stadnamnloven

Vedlegg:

04.12.2018	Høyringssvar til Kulturdepartementet_Endringar i stadnamnloven_Vang kommune	129673
22.10.2018	Høringsnotat med forslag	127312
22.10.2018	Høringsbrev – forslag	127311
22.10.2018	Høring – forslag til endringer i stedsnavnloven	127310

Saksopplysningar:

Kulturdepartementet har teke initiativ til ei endring av lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Vang kommune og dei andre Valdres-kommunane har vore sterkt engasjerte i stadnamnsaker, og ønskjer å kome med merknad til lovendringa som no er på høyring. Saksframlegg og vedlegg er drøfta felles i Valdres og bygger på utkast frå leiar av stadnamnemnda i Nord-Aurdal kommune, språkvitar Aud Søyland. Særlege merknader frå kvar einskild kommune er innarbeidde. For Vang har det vore viktig å tillempa skrivemåten av vegnamn til dialekten. Vi har lagt det til grunn for vegadresseringa som vart gjennomført for heile kommunen i 2010–2012, og i etterfølgjande adressering. Det inneber at målføret og festna bruk blir lagt til grunn for skrivemåten av vegnamn og andre namn der kommunen har vedtaksmynde.

Fram til 2017 har Kartverket tolka § 4 i lov om stadnamn slik at ein i hovudtrekk skulle følgje normert skrift (nynorsk eller bokmål) i skrivemåten av stadnamn. I 2017 vart tolkinga oppmjuka noko ved at forskrifta vart endra. Dei nye reglane om skrivemåten av stadnamn vart òg endra etter høyring i 2017/2018.

Det er Kartverket som bestemmer skrivemåten av «gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, reinbeitedistrikt, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift». Kommunen fastset «skrivemåten av offisiell adresse av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydeler, bustadfelt, anlegg o.l.». Når kommunen fastset vegnamn, har Kartverket meint at ein måtte følgje den skrivemåten Kartverket har vedteke for gardsnamnet eller naturnamnet t.d. Vårt syn har vore at det var ei opning for å skrive namn dialektnært, fordi det stod i lova at ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn skulle det «takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen». Det har ført til usemje i nokre saker om vegnamn. For Vang kommune har Kartverket reist namnesaker som kan rokke ved fleire av dei vedtekne vegnamna våre. Vi legg til grunn at sakene ikkje vert handsama før lovendringa som kan stadfeste kommunen sin rett til å rå over skrivemåten, er vedteken (alternativ 2 i lovframlegget her).

Kulturdepartementet føreslår at lov om stadnamn blir endra slik at kommunane får større innverknad i stadnamnsaker i sitt område. Endringane som no kjem i lova, er ei oppfølging

av oppmjukingane i forskrifta i 2017 og i reglane om skrivemåten av stadnamn vedtekne i oktober 2018.

Kulturdepartementet fremmer to alternativ. Alternativ 1 opnar for meir talemålsnære skrivemåtar og omfattar ein del "rydding" i lovteksten. Alternativ 2 omfattar alternativ 1 og *dessutan* alternativ 2, som seier at kommunane kan gjera sine namnevedtak utan å måtte følgje den skrivemåten Kartverket brukar for eit namn på ein primærfunksjon. Kommunen sitt vedtak om Bøagøta, Skørisbakkin, Jøvnehaugadn, Fleinsendin, Føssesvingen, Sørre Skakadalen med fleire kjem i så fall ikkje under press, sjølv om Kartverket skulle gjera vedtak om -foss, -gote, Fleinsenden, Grov, Søndre Jevne med fleire som skrivemåte på naturnamn og stadnamn.

I arbeidet med å setja namn på vegar har Vang kommune og dei andre Valdres-kommunane heile tida brukt skrivemåtar opp til valdrestalemålet. Vi har også engasjert oss sterkt i arbeidet for å få ei oppmjuking av stadnamnlova. I høyringa som galdt forskrift til lov om stadnamn, vart det vist til Valdres og våre innspel i høyringsbrevet.

Vurdering:

Forslaget i alternativ 1 om endringar i lov om stadnamn opnar for det som har vore viktig for oss, nemleg å kunne skrive lokale vegnamn på ein måte som ligg opp til lokalt talemål.

Vi gir òg full støtte til alternativ 2, som eventuelt kjem i tillegg til alternativ 1. Dersom det går gjennom, sparar vi oss for mykje byråkrati som følgjer av klagesaker etter dagens lovverk.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret stør forslaget i alternativ 1 om endringar i lov om stadnamn, som opnar for at vi kan vedta lokale vegnamn på ein måte som ligg opp til lokalt talemål.

Kommunestyret gir òg full støtte til at alternativ 2 kjem i tillegg til alternativ 1. Dersom det går gjennom, sparar vi oss for mykje byråkrati som følgjer av klagesaker etter dagens lovverk.

Kommunestyret sender det vedlagde høyringsbrevet til Kulturdepartementet som vårt innspel til høyring om endring i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.

Kommunestyret 14.12.2018:

Behandling:

KS- 071/18 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyring – forslag om endringar i stadnamnlova

Vang kommune har motteke høyringsbrev av 18. oktober 2018 der Kulturdepartementet ber om innspel til forslag om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Kommunestyret behandla saka i møte 14.12.2018. Utfyllande merknader følgjer nedanfor.

Vang kommune støttar det overordna formålet som går fram av alternativ 1: at kommunane får større innverknad i stadnamnsaker i sitt område. Vi er òg samde i prinsippet som er skissert under alternativ 2, at skrivemåten som er vedteken i Kartverket for eit namn på ein primærfunksjon, ikkje automatisk blir førande for kva skrivemåtar kommunane vedtek i namn dei rår over.

Nedanfor går vi nærare inn på ein del av forslaga i høyringsnotatet.

Kommentarar til alternativ 1

Endring i § 1 Formål og verkeområde

I dag står det i § 1: «Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtarar og konvensjonar.» Departementet føreslår at det ikkje berre skal gjelde samiske og kvenske stadnamn, men også norske stadnamn.

Vang kommune meiner det er viktig at også norske stadnamn blir sikra av denne lovformuleringa. Endringa understrekar at stadnamnlova er ei kulturminnelov og ei språklov som skal fremja både norske, samiske og kvenske stadnamn.

Forslag til mindre streng praktisering av § 3 Namnevern

I § 3 Namnevern, andre ledd står det: «Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.» Det er ikkje føreslått endringar i lova, men det blir klargjort i førearbeida kva som er meint med «særlege grunnar», og formålet er at dette unntaket skal praktiserast mindre strengt enn i dag.

Vang kommune meiner at det også i framtida bør vera vanskeleg å skifte ut eit nedervt stadnamn med eit anna namn. Paragrafen bør praktiserast strengt også i framtida, slik at nedervde stadnamn har eit sterkt vern.

Dersom «særlege grunnar» i framtida blir tolka slik at kommunane står friare til å skifte ut nedervde stadnamn, er det viktig at stadnamntenesta kjem inn med grundig rådgiving før det blir gjort endeleg vedtak.

Styrking av § 4 Reglar om skrivemåten

Det er forslag om å flytte denne setninga frå forskrifta og inn i § 4 i lova: «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.» Formålet er å gi eit signal om at ein kan fråvike gjeldande rettskriving i større grad enn det som har vore vanleg før.

Vang kommune meiner at det er svært ønskjeleg å opne for meir talemålsnære skrivemåtar av stadnamn, fordi det kan vera ein måte å ta vare på dialektuttalen av stadnamn, ein uttale som er trua mange stader. Vi er derfor glade for at dei nye særreglane om skrivemåten av stadnamn (frå oktober 2018) opnar for fleire dialektale særtrekk som vi synest det er viktig å ta vare på. Men særreglane dekkjer likevel ikkje alle formene som er viktige for oss. I høyringsinnspølet føreslo vi at det skulle vera mogleg å bruke -in i bestemt form av svake hankjønnsord (bakkin) og ø for norrøn o og gammal kort o (strønd, øddin). I Vang er dette heilt sentralt i talemålet og stadnamna har tilsvarende form. Ein slik indikator ynskjer vi å ta vare på; vegnamn er i aktivt bruk og er såleis ein god tradisjonsbærar.

Det er ikkje eit poeng for oss å skrive alle lydar så dialektnært som råd, men vi ynskjer å kunna speile hovuddrag som bøyingsendingar og lyden ø. Eitt sentralt døme på kor viktig denne ø-en er i valdrestalemålet, er namnet på fjorden vest i Vang; Strøndafjorden (og same fjordnamnet midt i Nord- Aurdal). Fordi dialektnær skrivemåte ikkje har vore tillaten tidlegare, har det stått Strondafjorden på offisielle kart – ei form ingen brukar. Resultatet er at fleirtalet no seier og skriv Strandefjorden. Ø-lyden er eit særtrekk ved talemålet i Valdres (og fleire andre område) som vi meiner det er svært viktig å ta vare på.

For å ha denne moglegheita støttar vi forslaget om at kommunane sjølve skal kunna bestemme skrivemåten av vegnamn, og at skrivemåten ikkje må samsvara med den skrivemåten Kartverket brukar, jf. alternativ 2.

Tillegg i ny § 7 Avgjerder

Departementet føreslår eit tillegg i ny § 7 Avgjerder, der det blir lovfesta kven som kan velja namn. Etter forslaget vel kommunane sjølv namn på dei namneobjekta der dei vedtek skrivemåten, jf. § 5 andre ledd.

Vang kommune meiner det er bra at det blir presisert i lova at det er kommunane som vel namn på dei namneobjekta der dei vedtek skrivemåten.

Ny § 8 (før § 6) Kunngjering og høyring

Departementet føreslår at kommunen skal ha ansvar for å kunngjera lokalt at det er reist namnesak, også når andre enn kommunen har reist saka. Dessutan føreslår departementet at Kartverket får lovfesta uttalerett når kommunen eller fylkeskommunen skal gjera vedtak i ei namnesak.

Vang kommune ser at det er mest formålstenleg at kommunen har ansvar for høyringar lokalt, fordi det er kommunen som kjenner til eigarar, organisasjonar og andre som bør orienterast om høyringa. Det bør presiserast at den som reiser namnesak, har utgreiingsplikt. Vi har elles ingen merknad til paragrafen, som stadfestar det som er gjeldande praksis. Vi har heller ingen innvendingar mot at Kartverket får lovfesta uttalerett.

Ny § 9 Tilråding

Departementet føreslår eit tillegg til ny § 9 som pålegg stadnamntenesta å gi vedtaksorganet tilråding om namnevern.

Vang kommune meiner det er verdifullt for kommunane å få tilråding frå stadnamntenesta når det gjeld skrivemåten av stadnamn, fordi mange kommunar manglar kompetanse på namn, namneskikk

og skrivemåte. Også dersom kommunen vel å bruke dialektnær skrivemåte av vegnamn o.a., er det nyttig å få Språkrådet sin kunnskap om kva namn kjem av, og liknande.

Ny § 10 (før § 7) Gjenopning

Departementet føreslår at denne paragrafen står uendra. På side 28 i høyringsbrevet står det at vedtak som er fatta av klagenemnda for stadnamnsaker med heimel i gjeldande lov, ikkje blir påverka av forslaget. Men så står det i neste avsnittet at departementet legg til grunn at eventuelle lovendringar er å rekne som «nye opplysningar», og at det kan gi grunnlag for å opne ei avslutta stadnamnsak på ny.

Vang kommune meiner at det som står i høyringsbrevet er sjølvmotseiande, og at det dermed er uklart om kommunar kan ta opp att namnesaker som har vore behandla i klagenemnda etter dei gamle reglane. Etter vår meining må det vera mogleg å kunna gjera det, og det bør omtalast i denne paragrafen. Helst bør det klart stå at påklagd part ikkje lenger er bunden av vedtak der lovleg skrivemåte er endra ved seinare lov og regelverk.

Ny § 12 (før § 10) Klage

Departementet føreslår at klageinstansen for klage på manglande bruk eller feilbruk av stadnamn blir endra frå «overordna departement» til «det organet som er nærast overordna det organet som klagen gjeld». For kommunane blir klageinstansen Fylkesmannen.

Vang kommune har ingen merknad til at Fylkesmannen blir klageinstans for klager som gjeld feil bruk og manglande bruk av vedtekne stadnamn når det gjeld kommunale eller fylkeskommunale organ.

Vår innvending til denne paragrafen er at han er vanskeleg å forstå for "folk flest".

Endring i ny § 13 (før § 11) Stadnamntenesta

I dag er landet delt inn i fire norske stadnamnområde, og dei åtte stadnamnkonsulentane er knytte til fire ulike universitetsmiljø. Departementet føreslår at stadnamntenesta, som i dag berre er administrativt tilknytt Språkrådet, blir ein del av Språkrådet. Det er naturleg, sidan Språkrådet etter omlegginga i 2005 har som samfunnsoppdrag å styrkje norsk språk. Vidare føreslår departementet at stadnamntenesta skal gi tilråding om «fastsetjing av namn, namneskikk og namnsetjing».

Vang kommune meiner det er bra å styrkje den statlege rådgivinga om norsk språk ved å samle rådgivarane i Språkrådet. Det gir eit større fagmiljø, særleg no når namnekompetansen ved universiteta blir nedbygd. Dessutan blir det ei meir einskapleg praktisering av stadnamnlova. Vi har heller ikkje innvendingar mot at stadnamntenesta skal gi råd i samband med fastsetjing av namn.

§ 14 Stadnamnregister (ikkje endra)

Det er ikkje forslag om endringar i ordlyden i denne paragrafen. Men Kartverket arbeider med å endre forvaltningsregimet for feltet "bruksnamn" i Sentralt stadnamnregister (SSR). Dette feltet blir brukt til å føre inn namn på alle slags bruk, anten det er (små)bruk som er skilde ut frå gardar, bustadtomter eller hyttetomter. Etter 1980 har feltet ofte vorte brukt til å angi tomtenummer og plannamn, eller det står tomt, om ikkje eigar melder inn ønske til kommunen om eit namn eller endring av eit eksisterande namn. I haust har Kartverket varsla at feltet blir stengt for oppdatering, og eigaren må reise krav dersom eit namn skal inn i registeret eller endrast i registeret.

Vang kommune meiner at det må klargjerast betre og drøftast med kommunane kva som ligg i feltet «Bruksnamn» i SSR. Etter vårt syn må Kartverket skilja mellom «villanamn» (bustad- og hyttetomter) og namn på gardar, bruk, plassar og andre reelle stadnamn med kulturhistorisk og naturhistorisk verdi. Dette kan gjerast ved at SSR eller matrikkelen får eit eige felt for "Bruksnamn på hus- og hyttetomter" og at kommunane framleis har heimel til å etablere og føre inn endringar når det gjeld slike namn som etter §2d ikkje er reelle stadnamn. Om Kartverket stengjer feltet "bruksnamn" for oppdateringar for andre enn dei sjølve, kan det føre til ein tidkrevjande prosedyre. Eventuelle kostnader for grunneigar og grunngjevinga for endringa, er ikkje kjend, verken for kommunane eller eigarane. Endringa vil og føre til meirarbeid som heller ikkje Kartverket kan ønskje seg. Venteleg vil feltet gå heilt ut av bruk.

Redaksjonelle endringar

Departementet har gjort ein del redaksjonelle endringar i lova for å gjera henne meir tilgjengeleg, og ber om tilbakemelding om det frå høyringsinstansane.

Vang kommune meiner at dei redaksjonelle endringane gjer det lettare å orientere seg i lova, og at innhaldet i føresegnene kjem betre fram.

Kommentarar til alternativ 2

Alternativ 2 omfattar alle endringsforslaga i alternativ 1, og inneheld dessutan eit forslag om at kommunane i større grad enn i dag får gjennomslag for sine ønske om skrivemåten av stadnamn. Departementet føreslår at § 4 andre ledd berre skal gjelde namn som Kartverket og fylkeskommunane gjer vedtak om. I dag skal kommunane i utgangspunktet følgje den skrivemåten som statlege myndigheiter har brukt, når kommunane skal gjera vedtak om vegnamn og liknande.

Vang kommune støttar forslaget om at kommunane i større grad enn i dag får gjennomslag for sine ønske om skrivemåten av stadnamn, og går inn for endringsforslaget i alternativ 2. Etter fordelinga i stadnamnlova vedtek kommunane stort sett berre namn på sekundære namneobjekt, det vil seia namn som er avleidde av eldre namn, dvs. primære namnedanningar. Etter dagens reglar må kommunen også rette seg etter den skrivemåten av primærnamna som Kartverket har fastsett.

Kommunane sit med mykje lokal kunnskap om lokalt talemål, og vi trur at dei fleste kommunar kjem til å bruke høvet til å skrive namn meir talemålsnært, med stor respekt for eigen tradisjon. Samtidig kan det gi oss ein rik og interessant namneflora som får folk til å tenkje meir over kva vegnamn og andre stadnamn eigentleg betyr.

Vi meiner likevel at det er verdifullt for kommunane å få råd frå stadnamntenesta i namnesaker som kommunane rår over.

Ein ekstra fordel ved å la kommunane ha endeleg rett til å avgjera skrivemåten av vegnamn og namn på grender, tettstader o.l., er at det blir mykje mindre byråkrati. I dag er det ein stor runddans etter at eit namn er føreslått, med høyring lokalt og i Språkrådet. Har Språkrådet merknader, sender dei saka til Kartverket, som så reiser namnesak dersom kommunen vedtek ein skrivemåte som ikkje er avleidd av namnet i primærfunksjonen. Dermed kan det ta både vinter og vår ein og fleire gonger før eit vegnamn blir bestemt og skiltet kan setjast opp.

For Vang kommune

Vidar Eltun

ordfører